



cutting through complexity™

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

“Budsjett- og økonomistyring”

Tysvær kommune

31. januar 2014

VEDLEGG
SAK
Haugaland 01/31
Kontrollutvalgsekretariat IKS
Mottatt dato: 31.01.14
Journalført: 14/50/469
Arkivkode: 217

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	3
2.1	Føremål og avgrensingar	3
2.2	Problemstillingar	3
2.3	Revisjonskriteria	4
3	Tilnærming	5
3.1	Metode	5
3.2	Aktivitets- og framdriftsplan	5
4	Utførande revisorar	7
5	Honorar	8

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

I møte 12. november tinga kontrollutvalet ein prosjektplan innanfor temaet "konsekvensar av nedskjeringar i skulesektoren". Etter nærmare dialog i etterkant, vart det bestemt å endre tema til "økonomistyring", og KPMG blei bedt om å lage eit forslag til prosjektplan. Planen vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 11.2.2014.

1.2 Bakgrunn

Budsjett- og økonomistyring er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 18.12.2012. I den overordna analysen til planen står det at i økonomiplanen for 2013-2016 er rådmannens framlegg å ha ein samla innsparing i perioden på 55 mill. kroner. Det vil medføre ei svært omfattande omstilling, og vil innebera krevjande prosessar.

I spørjeundersøkinga som vart gjennomført i samband med overordna analyse, svarte over 35 % at det er i lite eller svært liten grad er sannsynleg at vedtatt budsjett vert fylgt opp.

1.3 Førebuingar

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som oppstiller relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

I planleggingsfasen har det vore ein prosess med kontrollutvalet der moglege tema til ein forvaltningsrevisjon er blitt drøfta. KPMG vart deretter beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, og eventuelle avgrensingar og ressursbruk.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG i tillegg gjennomført fylgjande aktivitetar i planleggingsfasen:

- Samtale med rådmannen og økonomisjef i Tysvær kommune. Føremålet har vore å få innspel om moglege vinklingar til revisjonen og eventuelle utfordringar kommunen har.
- Gjennomgått dokumentasjon frå kommunen. Det er hovudsakleg tale om dokumentasjon knytt til økonomi.

1.3.1 Om budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune

I økonomiplanen for 2013-2017 gjekk det fram at Tysvær kommune skal ha ei samla netto innsparing på 55 millionar kroner i perioden 2013-2018. Formålet med spareprogrammet er å få på plass ein meir berekraftig økonomi med styrka investeringsevne. I kommunestyremøtet 18.6.2013 valte kommunen å halde fram med det samla innsparingskravet. I 2014 er det lagt opp til at kommunen skal spare 9,8 mill. kroner.

Kommunen har lenge hatt ein god inntektssituasjon, men må i åra som kjem rekne med eit svakare samla inntektsgrunnlag, og må difor arbeide langsiktig og aktivt med omstilling og sparing. Kommunen har og relativt høg lånegjeld, og har som økonomisk handlingsregel at lånegjeld som kommunen må dekke med eigne midlar ikkje skal aukast reelt i perioden 2014-2017.

Denne økonomiske situasjonen, med fokus på berekraftig utvikling og sparing er ein ny situasjon for kommunen. For at ein skal klare måla er det naudsynt å få på plass skjerpa økonomirutinar, noko som kommunen er i gong med. Ein har mellom anna etablert strengare rapporteringsrutinar. I 2012 byrja kommunen med månadsrapportering til formannskapet. Då rapporterar leiarane for alle tenesteområda om status på rammenivå til økonomisjefen, som rapporterar vidare til formannskapet. Leiarane for tenesteområda får sine tal frå seksjonane som er underlagt tenesteområdet. Denne rapporteringa kjem i tillegg til den obligatoriske tertialrapporteringa, som er ein viktig del av eit heilskapleg planleggings- og styringssystem.

I økonomiplanen 2014-2017 melder økonomikontoret om utfordringar knytt til det å utvikle budsjett- og rapporteringssystemet til å bli eit endå betre styringsverktøy for leiarane. Dette vil dei betre ved å halde fram med arbeidet med kvalitetshandbok, reglement og rutinebeskrivingar. Det vil også bli arbeidd vidare med å få betre kvalitet på budsjett-tal og rapporteringar i samarbeid med resultatområda. Det vert og meldt om behov for å få på plass fleire relevante styringsdata slik at ein kan få eit meir korrekt bilete av drifta i kommunen.

I intervju med rådmann og økonomisjef blir det peika på nokre punkter som kommunen kan forbetre seg på. Det gjeld mellom anna det å bruke rekneskopen i større grad i tidleg fase i arbeidet med neste års budsjett (som prognosegrunnlag). Det vert og peika på at kommunen kan bli flinkare på å raskt setje i gong tiltak når det vert avdekket avvik frå budsjett.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensingar

Føremålet er å undersøke om kommunen, i tider med store krav til innsparingar i kommunebudsjettet, har system og rutinar som legg til rette for å følgje opp lovpålagde krav og sikrar ei tilfredsstillande økonomistyring. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad dette vert etterlevd – om praksis er i samsvar med lovpålagde krav og kommunen sitt eige system for økonomistyring.

Ved eventuelle identifiseringar av avvik, vil vi og foreslå forbetringstiltak.

Forvaltningsrevisjonen vil gjelde kommunen sitt heilskaplege system for økonomistyring. I dette ligg eit hovudfokus på økonomifunksjonen i kommunen og dei system og rutinar som er felles for alle tenesteområda.

Vi har og avgrensa prosjektet til å gjelde kommunen sitt driftsbudsjett, der hovudfokuset vil vere på budsjett for 2013 og tilhøyrande rapporteringar. For å svare på problemstilling 1 kjem vi og til å gjennomgå budsjett og rekneskap for 2011 og 2012.

2.2 Problemstillingar

1. Korleis er den økonomiske situasjonen i Tysvær kommune?

Under problemstilling 1 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse fylgjande:

- Korleis er situasjonen per i dag?
- Korleis har situasjonen utvikla seg dei siste åra?
- I kva grad har det vore samsvar mellom budsjett og rekneskap dei siste tre åra?

2. I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre tilfredsstillande økonomistyring?

Under problemstilling 2 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse fylgjande:

- Kva retningslinjer/instruksar har kommunen for utarbeiding og revidering av budsjett?
- Kva rapporteringsrutinar har kommunen?
- Korleis blir avvik definert og handtert?
- I kva grad er kommunen sine system og rutinar i samsvar med lovpålagte krav

3. I kva grad har kommunen tilfredsstillande økonomistyring i praksis?

Under problemstilling 3 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse i kva grad:

- er den praktiske økonomistyringa i samsvar med lovpålagde krav?
- er den praktiske økonomistyringa i samsvar med kommunen sine system og rutinar?

2.3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil kunne vere:

■ **Kommunelovens § 23 om administrasjonssjefens oppgaver og myndighet**, som seier at:

- *Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

■ **Kommunelovens § 46 Årsbudsjettets innhold** seier mellom anna at:

- *Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret (...).*
- *Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen (...) kan forvente i budsjettåret.*
- *Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets (...) prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*

■ **Forskrift om årsbudsjett for kommuner og fylkeskommuner § 10 Budsjettstyring:**

- *Administrasjonssjefen (...) skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret (...) som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen (...) finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret (...) foreslås nødvendige tiltak.*

■ **Kommunen sine egne rutinar**, til dømes:

- Budsjettskriv
- Årshjul for budsjettprosessen
- Rapportering
- Økonomihandbok/ -reglement
- Anna

3 Tilnærming

3.1 Metode

I fyrste omgang vil vi samle inn det kommunen har av dokumentasjon som er relevant i høve til temaet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjon vil bli nøye gjennomgått og analysert.

Det vil og bli gjennomført intervju med tilsette i kommunen som er involvert i prosessar knytt til budsjett- og økonomistyring i kommunen. Det kan til dømes vere rådmannen, økonomisjefen, andre tilsette ved økonomikontoret, leiarane av tenesteområda, leiar av formannskapet, mm.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigering). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstillt med øvrig dokumentasjonen. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

4 Utførende revisorar

4.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Roald Stakland

Prosjektleder Manager Unni Sørensen

Prosjektdeltakarar (kjerneteam)

- Manager Kari Hesjedal
- Manager Øivind Hauge Støle
- Senior Associate Ingvill Strand
- Senior Revisor Randi Thorbjørnsen (fagressurs)

5 Honorar

Pris iht. avtale



Kontakt oss:

Roald Stakland
Partner

T +47 40 63 98 49

E roald.stakland@kpmg.no

Unni Sørensen
Manager

T +47 40 63 93 86

E unni.sorensen@kpmg.no

kpmg.no



© 2014 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

The KPMG name, logo and "cutting through complexity" are registered trademarks or trademarks of KPMG International Cooperative ("KPMG International").

